

## **Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 11.11.2020**

**Trude Brosvik (KRF)** sette fram følgjande forslag;

«Nytt kulepunkt under innleiinga:

- Støtte tiltak som fremjar felles identitet og kultur»

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram følgjande forslag;

«1. Verdiskaping og sysselsetting

Siste setning i 1.avsnitt; «Landsdelen har store muligheter for vidare utvikling og innovasjon, men også utfordringar med omstilling og etablering av nye næringar når olje- og gassverksemda vert fasa ut.» endres til «Landsdelen har store muligheter for vidare utvikling og innovasjon, men også utfordringar med omstilling og etablering av nye næringar når aktiviteten i olje- og gassverksemda gradvis vert lågare.»»

**Solveig Ege Tengesdal (KRF)** sette fram følgjande forslag;

«Forslag til kulepunkt - tillegg:

- ha en aktiv rolle i å koordinere saker relatert til Nordsjøregionen som har betydning for Vestlandet»

**Natalia Golis (MDG)** sette fram følgjande forslag;

«Tilleggpkt under Samferdsle og kommunikasjon:

- Medverke til utvikling av FOT-rutene og arbeide for ein nullutslepps luftfart.»

**Alexander Rugert-Raustein (MDG)** sette fram følgjande forslag;

«Endring i kulepunkt under Samferdsel og kommunikasjonar;

- Nasjonal satsing og prioritering av ferjefri og opprusta E39 Kristiansand-Trondheim som hovedsamband nord-sør på Vestlandet.

Stryke 'ferjefri og' slik at det lyder:

- Nasjonal satsing og prioritering av opprusta E39 Kristiansand-Trondheim som hovedsamband nord-sør på Vestlandet.»

**Frank Sve (FRP)** sette fram følgjande forslag;

«Tillegg første kulepkt under Samferdsel og kommunikasjonar;

, og utan bruk av djupe undersjøiske tunellar som har svært store negative miljøkonsekvenser, og E-39 må ikkje leggjast igjennom byområder.»

**Jon Askeland (SP)** sette fram følgande forslag:

«Tillegg til AU si innstilling;

, og med dei endringar som kom fram i møtet.»

## **Avrøyting**

**Brosvik** sitt forslag vart samråystes vedteke

**Søviknes** sitt forslag vart samråystes vedteke med unntak frå Natalia Golis (MDG)

**Tengesdal** sitt forslag vart samråystes vedteke

**Golis** sitt forslag vart vedteke mot røystene til Frank Sve (FRP), Terje Søviknes (FRP) og Margrete Dysjaland (FRP)

**Rugert-Raustein** sitt forslag vart nedstemt mot røystene til Alexander Rugert-Raustein (MDG) og Natalia Golis (MDG)

**Sve** sitt forslag vart sett opp mot forslaget i innstillinga i første kulepkt under Samferdsel og kommunikasjonar, og vart nedstemt mot røystene til Frank Sve (FRP) og Terje Søviknes (FRP)

**Askeland** sitt forslag vart samråystes vedteke

## **Vedtak**

Vestlandsrådet vedtek politisk plattform for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023, slik den er tilrådd frå AU i saksframstillinga, med dei endringar som kom fram i møtet.